



Ørjan Nese  
Vestbygdvegen 18  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1889 - 18/471

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

08.01.2018

## Melding om utført retting i matrikkelkartet for GBNR 5/87, 127

Viser til innsendt krav om retting av eigedomsgrensene for dykkar eigedom 5/127.

Rettinga er utført i tråd med det innsende kravet om retting- som på førehand også var godkjent av eigar til nabogrunnen 5/10. Det er ikkje gjort retting på grensene for 5/87, slik at den framstår slik den var før retting. Eigedomsgrensen vert framleis liggande med unøyaktig kvalitet i kartet, men er likevel meir rett enn før.

Kommunen ser at dykkar eigedomsgrenser framleis truleg ikkje er heilt rett etter skyldskifta, men har likevel gjennomført denne rettinga i tråd med dykkar krav. Ei ytterlegare retting som eventuelt også endrar på grensa mot Fylkesvegen vil krevje at også Statens Vegvesen vert kontakta. Dersom det er ynskjeleg med meir nøyaktige eigedomsgrenser må de eventuelt krevja oppmålingsforretning over eksisterande grenser.

Vedlagt ligg kopi av skyldskifte for gbnr 5/87 som kommunen har skaffa frå tinglysingen. Dette dokumentet/ skyldskiftet var registrert med feil opplysningar i grunnboka. Det har difor vorte utført ei feilretting i grunnboka før kommunen fekk tilsendt det rette dokumentet frå tinglysingen i desember 2017.

Vedlagt ligg matrikelbrev for dykkar eigedom 5/127 etter feilrettinga. Melding om utført retting vert også sendt til heimelshavar til naboeigedommane 5/10, 68 og 51, saman med kartdelen av matrikelbrevet.

### Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkelova §46](#).

Klage skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedlegg:**

5\_127\_etter feilretting

5\_87skyldskifte

**Mottakere:**

Hilde Odland

Ørjan Nese

Vestbygdvegen 18 5918

Vestbygdvegen 18 5918

FREKHAUG

FREKHAUG